

Ynskjer du avtale om  
**SPRÅKPRAKSIS ...**

**KONTAKT**

**Sogndal kommune  
v/Flyktningkonsulent**

**Tel: 57 62 97 43**

**E-post:**

[postmottak@sogndal.kommune.no](mailto:postmottak@sogndal.kommune.no)

**Besøksadresse:**

**Dalavegen 2, 6851 Sogndal**

**KOM INNOM FOR  
EIN PRAT.....**

 **SPRÅKPRAKSIS**  
-integrering av flyktningar



*Bilete: Kifa arbeider i Kjørnes barnehage.*

**SOGNDAL KOMMUNE**

## Språkopplæring

- er ein nøkkelfaktor for integrering. Sogndal kommune har i dag tilsett 2 lærarar som underviser norsk m/samfunns-kunnskap for dei busette flyktingane.



Junus og Ali er studentar ved norskopplæringa

## Språkpraksis

- erfaringar viser at språkopplæringa går lettare og raskare dersom deltakarane får praktisere språket utanfor klasserommet. Sogndal kommune vil opprette språkpraksis-plassar der ein person får praktisere norsk gjennom deltaking i arbeidsliv/organisasjonsliv.

## Kva inneber språkpraksis?

- deltakaren får god anledning til å praktisere norsk.
- deltakaren kan utføre arbeid som er nyttig for verksemda.
- arbeidet er ikkje lønna.
- arbeidsgjevar oppnemner ein fadder på arbeidsplassen.
- skriftleg avtale mellom kommunen og den enkelte arbeidsgjevar.
- deltakaren får kjennskap til norsk arbeidsliv, og innblikk i eit mulig framtidig yrke.
- praksisperioden varer frå 3-6 månader.
- arbeidstida vert tilpassa kvar enkelt arbeidsstad si normalarbeidstid.

## Sogndal kommune

- har pr. i dag busett 40 flyktingar, og har ytterlegare vedtak om å busette 10 nye personar i løpet av 2004.
- arbeider for å integrere flyktingane i det norske samfunnet – i **lokalmiljø, skule og arbeidsliv.**
- søker samarbeid med bedrifter og arbeidsgjevarar som kan leggje til rette for **språkpraksis.**

## Introduksjonsprogram

- er eit heildagstilbod som skal kvalifisere busette flyktingar til deltaking i norsk samfunns- og arbeidsliv. Programmet er samansett av norskopplæring, språkpraksis, arbeidspraksis og evt. andre kvalifiserande tiltak. Sogndal kommune startar opp introduksjonsprogram 01.09.2004 – i samarbeid med A-etat.

(sjå foldar: Arbeidspraksis)

## Økonomi

- personar som deltek i språkpraksis mottok statleg introduksjonsstønad\* via kommunen. Dette medfører at arbeidsgjevar ikkje har økonomiske plikter mht. personar i språkpraksis.

\*(Introduksjonsstønaden er den økonomiske stønaden som deltakarar i introduksjonsprogrammet mottok. Stønaden utgjer 2G, og skal dekke alle private utgifter)



Daso har bygd opp arbeidserfaring gjennom ulike tiltak i regi av A-etat